VINDAFJORD KOMMUNE

# Kommuneplan for Vindafjord kommune 2024-2036

Samfunnsdel med arealstrategiar

Vedtatt i kommunstyret 18.06.2024



# Innhold

1 Føreord av ordføraren ..... 4
2 Innleiing ..... 4
2.1 Lovgrunnlag ..... 4
2.2 Forarbeidet til kommuneplanen ..... 5
2.3 Rammevilkår ..... 7
3 Planprosess / Slik er planen laga ..... 9
3.1 Utgreiingar og planar som ligg til grunn ..... 9
3.2 Organisering ..... 9
3.3 Medverknad ..... 9
4 Visjon ..... 10
5 Befolkningsutviklinga i Vindafjord ..... 11
6 Sektorovergripande tema ..... 12
6.1 Klima og miljø ..... 13
Mål - Klima og miljø ..... 14
Strategiar ..... 14
Arealstrategiar ..... 15
6.2 Samfunnstryggleik ..... 15
Mål - Samfunnstryggleik ..... 16
Strategiar ..... 16
Arealstrategiar ..... 17
6.3 Folkehelse ..... 17
Mål - Folkehelse ..... 18
Strategiar ..... 19
Arealstrategiar ..... 19
7 Satsingsområda ..... 20
7.1 Berekraftig kommune ..... 20
Mål - Berekraftig kommune ..... 21
Strategiar ..... 21
Arealstrategiar ..... 22
7.2 Attraktive lokalsamfunn ..... 23
Mål - Attraktive lokalsamfunn ..... 25
Strategiar ..... 25
Arealstrategiar ..... 27
7.3 Framtidsretta tenester - gode liv og livslang læring ..... 28
Mål - framtidsretta tenester ..... 28
Strategiar ..... 29

8 Arealstrategiar ........ 30
8.1 Arealstrategiar ........ 31
9 Samfunnsdelen i kort versjon ........ 33

# 1 Føreord av ordføraren

Vindafjord er ein vital og sentral kommune med eit sterkt næringsliv og landbruk. Me har sterke bygder med enormt engasjement. Me er framoverlente, har store ambisjonar og ønskjer at fleire skal busette seg i kommunen og som kommune må me stå saman for å utvikle oss vidare.

For å nå måla våre må me vere rause, inkluderande og framoverlente. Me må ha berekraftige og framtidsretta løysingar som gir gode kommunale tenester. Kommunen jobbar for gode oppvekstvilkår og ein trygg alderdom.

Vindafjord er ein langstrakt kommune og me har demografiske utfordingar. Me skal bygge opp eit enda sterkare sentrum, samstundes som me skal ivareta våre flotte bygder. Kommuneplanens samfunnsdel gjer oss gode rammer for dette arbeidet.

# 2 Innleiing

Du les nå kommuneplanen for Vindafjord kommune 2024-2036. Denne planen er kommunen sitt overordna dokument; vårt viktigaste styringsverktøy i åra framover. Det er i denne planen at dei langsiktige måla våre er forankra. Planperioden strekk seg over ein periode på 12 år.

## 2.1 Lovgrunnlag

I medhald av plan- og bygningslova §§ 3-1, 3-2 og 3-3 har kommunen planoppgåver og er planleggingsmyndigheit.

Plan- og bygningslova stiller krav til innhald og handsaming av kommuneplanar, og til at kommuneplanen skal ha ein samfunnsdel, ein arealdel og eit handlingsprogram. I § 10-1 står følgande: «Kommunestyret skal minst ein gong i kvar valperiode, og seinast innan eitt år etter konstituering, utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi. I arbeidet med **planstrategien** skal ein drøfte kommunen sine strategiske val knytt til samfunnsutvikling; som langsiktig arealbruk, miljøutfordringar, sektorane si verksemd og kommunen sitt planbehov i valperioden. Ved handsaming av planstrategien skal kommunestyret ta stilling til om gjeldande **kommuneplan** eller deler av denne skal reviderast, eller om planen skal vidareførast utan endringar.»

I samfunnsdelen skal me ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for heile kommunesamfunnet og for kommunen som organisasjon. Samfunnsdelen skal også gi mål og retning for arealbruken og føringar for utforming av plankartet og føresegnene i arealdelen. Den skal vera grunnlag for sektorane sine planar og verksemd i kommunen. Vidare skal samfunnsdelen omtala og synleggjera kommunen si utvikling og potensiale i regional samanheng.

**Arealstrategien** er koplinga mellom samfunnsdelen og arealdelen og skal klargjera den langsiktige arealpolitikken i kommunen. Arealstrategien bør vera ei langsiktig ramme for kommuneplanen og ha eit lengre perspektiv enn vanleg kommuneplanperiode på 12 år. Tidsperspektivet kan t.d. vera 20-30 år. Ved å løfta dei strategiske avklaringane om framtidig arealutvikling og utbyggingsmønster til samfunnsdelen, kan kommunen slå fast ein del overordna rammer for arbeidet med arealdelen.

**Arealdelen** består av ein kartdel som viser disponering av kommunen sine areal og har føresegner og retningslinjer for dei ulike arealføremåla.

Den kortsiktige delen av kommuneplanen er eit **handlingsprogram** for alle sektorane i kommunen si verksemd dei næraste fire åra. I Vindafjord er den kortsiktige delen identisk med kommunen sin økonomiplan.



## 2.2 Forarbeidet til kommuneplanen

I gjeldande planstrategi er det vedtatt følgande: *«For å sikra at meir av den strategiske planlegginga skjer gjennom kommuneplanen skal heile samfunnsdelen reviderast. Dei utfordringar som planstrategien peikar på, skal inngå. For å sikra ei berekraftig arealforvaltning og effektiv arealbruk, eit miljøvenleg transportsystem, tilstrekkeleg bustadbygging, sunne og trygge omgivnader og gode levekår for alle, skal arealdelen til kommuneplanen også reviderast. Nyleg utarbeida bustadanalyse og sentrumsanalyse for Skjold skal mellom anna vere eit grunnlagsdokument.»*

I planstrategien er det også vedtatt at berekraftsmåla skal vera utgangspunktet for all samfunnsutvikling. Planstrategien løftar vidare fram tre sektorovergripande tema som skal vera førande for alt me gjer:

- Klima og miljø
- Samfunnstryggleik
- Folkehelse og samarbeid

I planstrategien er kommunen sine hovudutfordringar vurdert og prioritert.

Planprogrammet bygger på vedtatt planstrategi. I arbeidet med planprogrammet blei det jobba vidare med hovudutfordringane. Det blei løfta fram store og små utfordringar, og desse blei utfordra politisk, i arbeidsgruppene og i strategisk leiargruppe. Dette utfordringsbilde ligg til grunn for arbeidet med kommuneplanen, men planprogrammet sa samstundes at *«bilde kan endre seg*

*framover og nye utfordringar kan komme til»*. Med bakgrunn i utfordringsbilde definerte kommunen 3 nye satsingsområde for samfunnsdelen;

- Berekraftig kommune
- Attraktive lokalsamfunn
- Framtidsretta tenester; gode liv og livslang læring




Desse satsingsområda skal gjevast særskilt merksemd og ressursar i kommande planperiode. Satsingsområda inneheld mål (dette ønsker me) og for kvart av desse måla strategiar (slik gjer me) og arealstrategiar. Strategiane er ikkje konkrete når det gjeld tiltak som skal settast i verk, men saman med måla skal dei danna grunnlag for kommunen sitt meir detaljerte handlingsprogram og økonomiplanen for dei næraste åra.

I planprogrammet blei det også vedtatt at det i samfunnsdelen skal utarbeidast ein arealstrategi som skal vera førande for arealdelen.

Kommunen vil styrka og forankra samfunnsdelen sin posisjon som overordna styringsdokument. Mål og strategiar i samfunnsdelen må kommunen som organisasjon følgja opp i handlingsdelen/økonomiplanen. Dei definerte utfordringane er dei same for kommune-samfunnet generelt og for kommunen som organisasjon. Det er likevel slik at utfordringa i den demografiske utviklinga blir vurdert som den mest krevjande utfordringa å løysa for kommunen som organisasjon og tenesteleverandør.

## 2.3 Rammevilkår

**FN sine berekraftsmål**




Alle berekraftsmåla er like viktig i eit globalt perspektiv. Det er likevel slik at det ikkje er mogleg å jobba med alt samstundes og at det er nokre område der ein kommune har betre gjennomslagskraft enn på andre område.

Berekraftsmåla knytt til klima og miljø er grunnmuren i berekraftsmåla og er avgjerande for å sikra måloppnåing høgare opp i pyramiden. Vindafjord-samfunnet sine satsingar og prioriteringar vil i stor grad påverka livet i havet og på land (mål 14 og 15) og kan vera med på å stoppa klimaendringane, men det er likevel avgjerande kva nasjonalt og globalt nivå gjer for å nå desse måla.

Av dei 17 berekraftsmåla er det 8 mål som særleg er prioritert gjennom medverknadsprosessen. Det er vurdert at Vindafjord-samfunnet og kommunen har størst påverknadsgrad og mogleg måloppnåing innafor desse 8 måla:




Desse 8 berekraftsmåla skal derfor særleg vera førande for kommuneplanarbeidet.

**Statlege og regionale føresetnader** som skal leggast til grunn for kommuneplanen:

- Plan- og bygningslova
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging
- Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag, barn og unge, samordna areal og transportplanlegging, klima- og energiplanlegging, samt vassdirektivet
- Regionalplan for areal og transport på Haugalandet
- Andre fylkesdelplanar/regionalplanar for; samferdsel, kystsone, havbruk, energi, klima, landbruk, næringsutvikling og innovasjon, friluftsliv, idrett, natur, kultur, reiseliv, mfl.

**Kommunale føresetnader:**
I planprogrammet blei det vedtatt at samfunnsdelen skal reviderast i sin heilskap. Undervegs i planprosessen er det gjort ei prinsippavklaring for kva satsingsområde Vindafjord kommune skal ha i den nye planen. Vidare har det vore ei målsetting å knyta samfunnsdelen og arealdelen betre saman.

Planprogrammet avgrensar revisjon av arealdelen til å omfatta:

- Område for bustadutvikling (inklusiv LNF-område for spreidd bustadbygging) og tettstadutvikling
- Område for næringsutvikling (inkludert landbruk)
- Bruk og vern av sjøområde og strandsone
- Føresegner til arealdelen
- Gjennomgang av eldre reguleringsplanar

# 3 Planprosess / Slik er planen laga

## 3.1 Utgreiingar og planar som ligg til grunn

Utgreiingsarbeid som er gjennomført og som dannar grunnlag for arbeidet med kommuneplanen er følgande:

- Folkehelseoversikta 2020-2024
- Bustadanalysen for heile kommunen og sentrumsanalysen for Skjold, 2020
- Friluftslivskartlegginga, 2020

Kommunale planar som ligg til grunn:

- Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse, 2021
- Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet, 2015
- Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø, 2018
- Helse- og omsorgsplan, 2020-2025

## 3.2 Organisering

| | |
|---|---|
| Oppdragsgjevar | Kommunestyret |
| Prosjekteigar | Kommunedirektør |
| Styringsgruppe | Formannskapet utvida med gruppeleiarane |
| Prosjektleiing | Kommunalsjef for samfunnsutvikling |
| Administrativ styringsgruppe | Strategisk leiargruppe |
| Administrativ arbeidsgruppe for samfunnsdelen | Representantar for strategisk leiargruppe: kommunalsjef for samfunnsutvikling, repr. for oppvekst: skulerådgjevar, repr. for helse og omsorg: einingsleiar rus og psykiatri, einingsleiar kultur og læring, einingsleiar areal og forvaltning og planavdelinga |
| Administrativ arbeidsgruppe for arealdelen | Repr. for strategisk leiargruppe: kommunalsjef for samfunnsutvikling, einingsleiar areal og forvaltning, einingsleiar kommunaltekniske tenester, planavdelinga |

## 3.3 Medverknad

God medverknad er nøkkelen til ein god planprosess. Medverknad i planprosessar handlar om enkeltpersonar og grupper sin rett til å delta. Det betyr at befolkninga i kommunen er med på å planlegge framtida si.

Innhaldet i kommuneplanen sin samfunnsdel er basert på omfattande medverknad frå innbyggarane, og er ein stor del av kunnskapsgrunnlaget. Målet med medverknaden var å:

- Sikra gode løysingar som tar omsyn til alle sine behov
- Legga til rette for at alle kunne komma til orde
- Fremma engasjement og vera ein arena for deltaking i lokaldemokratiet
- Framskaffa eit godt beslutningsgrunnlag
- Metodane som har vore nytta har vore ei god blanding av ulike medverknadsformer.

**Ekstern medverknad**

- Innleiingsvis laga kommunen ein film som blei lagt ut i sosiale media og som blei brukt i alt medverknadsarbeidet.
- Spørjeundersøking
- Digital innspelsløysing
- Folkemøte i kvar bygd
- Gjestebod
- Temamøte; næringssamling og landbrukssamling
- Arbeidsverkstad; Seniorcafè Sjøperlo, opplegg for skuleelevar i 7.- 10. trinn, eldre og andre sårbare grupper, opplegg på Ung tysdag
- Administrasjonen samordna alle innspel pr. bygd og sende desse ut att til grendeutvala for prioritering.

**Intern medverknad**

- Ulike opplegg i leiarforum
- Arbeid i kvar eining med noko tilsvarande opplegg som på folkemøta
- Administrasjonen samordna alle innspela frå rammeområda og sende dei ut igjen til einingane for prioritering.
- Alle prioriterte innspel blei deretter samordna og sortert på satsingsområda og på sektorovergripande tema. Dette blei utgangspunktet for formulering av mål og strategiar.
- I sluttfasen blei det halde politiske arbeidsseminar for å forankra prioriterte tema og arealstrategiar.

# 4 Visjon

"Vindafjord kommune – VITAL OG SENTRAL" er kommunen sitt slagord, og er godt dekkande for kommunen si overordna målsetting som livskraftig distriktskommune på indre Haugalandet. Kommunen sitt verdival er sentrert omkring omgrepa trivsel, handlekraft og levande bygder. I ordet VITAL ligg evne til omstilling, prioritering og nyorientering i høve til dei utfordringar som ligg framfor oss. Kommunen skal vera proaktiv i sine prioriteringar og val.

I ordet VITAL ligg og at me skal arbeida for å vidareutvikla levande bygder og nytta den krafta som ligg i bygdeengasjementet, til positiv utvikling for alle innbyggarane. Kommunen skal vera stadig på leiting etter betre løysingar for innbyggarane og ha fokus på kvalitetsutvikling av tenestene.

Ordet SENTRAL femnar om kommunen si sentrale plassering og ambisjonen om å vera sentrum for indre Haugalandet. Det er forpliktande for utvikling av Ølen sentrum og å legga til rette for næringsutvikling og vekst. Det er og ei målsetting at kommunen skal vera ein sentral støttespelar i høve til kor folk ønskjer å bu og arbeida og kor bedrifter ønskjer å etablera seg. Dette krev nært samarbeid mellom kommunen, frivillige lag og organisasjonar og næringslivet.

# 5 Befolkningsutviklinga i Vindafjord

Samfunnsdelen i kommuneplan skal ta utgangspunkt i utviklingstrekka i kommunen og legge desse til grunn for den strategiske planlegginga. Perspektivet til samfunnsdelen er langsiktig; dei neste 12 åra, Vindafjord-samfunnet vil sjå annleis ut i 2036. Innhaldet bør derfor stå seg godt over tid. Den kortsiktige delen av kommuneplanen, handlingsprogrammet/ økonomiplanen, gir årleg ei statusoppdatering på utviklinga i kommunen. Nedanfor vil me kort peika på sentrale utviklingstrekk i folketalet som får betyding for planlegginga i kommunen.

Folketalsutviklinga er kanskje den mest sentrale faktoren når kommunen skal planlegge framtida. Befolkningsutviklinga blir påverka av fødselsbalansen (forholdet mellom talet fødde og dei som døyr) og flytting (inn- og utflytting).  Variasjonen i folketalet har vore liten dei siste åra, men tala syner ein auke det siste året. Frå 2022 til 2023 fekk Vindafjord kommune 69 nye innbyggarar, Vindafjord kommune har i 2023 8844 innbyggarar.

Figuren under syner folketalsutviklinga dei siste 20 åra:

01222: Befolkning og kvartalsvise endringar, etter kvartal. Vindafjord, Befolkning ved inngangen av kvartalet.




I perioden frå 01.01.2003 til 01.01.2023 har folketalet i Vindafjord kommune auka med 714 personar. Det er ein auke på 8 % i perioden. Til samanlikning har folketalet i Noreg auka med 17 % i same periode og det samla folketalet på Haugalandet (Utsira, Haugesund, Karmøy, Sveio, Tysvær, Bokn, Vindafjord, Etne, Suldal og Sauda) auka med snaue 14 %. Auken i folketalet i Vindafjord kommune er altså lågare enn utviklinga på landsbasis og på Haugalandet.

Figuren under syner framskriving folketalet fram mot 2050 samla i kommunen, basert på SSB sitt middelalternativ:

| | Hovedalternativet (MMMM) | | | |
|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2030 | 2040 | 2050 |
| 1160 Vindafjord | 8 825 | 8 848 | 8 895 | 8 889 |

Figuren under syner framskriving av befolkningstal i Vindafjord kommune sortert etter aldersgrupper basert på SSB sitt middelalternativ:

| | Hovedalternativet (MMMM) | | | |
|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2030 | 2040 | 2050 |
| 1160 Vindafjord | | | | |
| 0-9 år | 978 | 836 | 891 | 861 |
| 10-19 år | 1 140 | 1 076 | 857 | 905 |
| 20-29 år | 1 000 | 925 | 882 | 761 |
| 30-39 år | 1 140 | 1 071 | 988 | 947 |
| 40-49 år | 1 117 | 1 177 | 1 111 | 1 035 |
| 50-59 år | 1 151 | 1 145 | 1 170 | 1 120 |
| 60-69 år | 1 091 | 1 134 | 1 126 | 1 152 |
| 70-79 år | 743 | 925 | 1 036 | 1 052 |
| 80-89 år | 355 | 461 | 679 | 805 |
| 90-99 år | 107 | 96 | 154 | 246 |
| 100 år eller eldre | 3 | 2 | 1 | 5 |

SSB si befolkningsframskriving viser at det er mest sannsynleg at det samla folketalet vil vera relativt stabil i åra som kjem. Trenden med at det vert færre unge og fleire eldre vil halda fram. Om middelalternativet til SSB for 2030 slår til, så vil kommunen i 2030 ha 350 færre innbyggarar under 40 år enn i 2023 (ein reduksjon på 8 %) og det vil vera 319 fleire innbyggarar over 60 år (ein auke 12 %). Endringa i samansetninga av befolkninga vil ha konsekvensar for den kommunale planlegginga.

# 6 Sektorovergripande tema

For å kunne peika ut ei retning for samfunnsutviklinga i Vindafjord kommune, er me avhengig av godt samarbeid og velfungerande folkestyre.

**Samarbeid**



I kommunal planlegging er det heilt sentralt med lokal forankring og medverknad og godt samarbeid med regionale og nasjonale styresmakter. Kommunen skal innfri både lokale og nasjonale forventingar. Derfor blir berekraftsmål nr 17, «Samarbeid for å nå måla», avgjerande for å nå dei sektorovergripande måla og måla for kvart satsingsområde.

**Nokre av dei nasjonale forventingane til samordning og samarbeid i planlegginga i 2023:**

- *Berekraftsmåla, nasjonale klima- og miljømål, lokalt folkestyre og løysingar som styrkar verdiskaping og busetnad i heile landet, blir lagde til grunn for den overordna samfunns- og arealplanlegginga og for staten si deltaking i planprosessane.*
- *Samfunnsdelen i kommuneplanen blir brukt for å gi strategisk retning til samfunnsutviklinga og blir utarbeidd i samspel med innbyggarane, sivilsamfunnet, næringslivet og andre offentlege aktørar. Vedtatte mål og strategiar blir følgt opp i økonomiplanlegginga og i planene elles.*
- *Det blir lagt til rette for medverknad og involvering av aktuelle partar og interesser tidleg i planprosessane, også i private planforslag. Løysingar for digital medverknad blir tatt i bruk. Grupper og interesser som ikkje er i stand til å delta direkte, eller som ikkje kan nytta digitale løysingar, blir sikra høve til medverknad på annan måte.*

I planstrategien vedtok kommunen tre sektorovergripande tema som skal vera førande for alt me gjer:

- Klima og miljø
- Samfunnstryggleik
- Folkehelse og samarbeid

I det følgande blir desse tema presentert.

## 6.1 Klima og miljø




Langsiktig velferd, verdiskaping og livskvalitet i tråd med berekraftsmåla er avhengig av at me tar mange omsyn samtidig: Me må halda intakte økosystem ved lag, ta vare på naturmangfald, kulturmiljø og friluftslivsområde og avgrensa og tilpassa oss klimaendringane, samtidig som me sikrar vidare utvikling av gode offentlege tenester, infrastruktur og lønsam næringsverksemd. Denne balansegangen og kva vurderingar som ligg til grunn for vala, må gå fram i all kommunal planlegging. Innsatsen for klima og miljø må sjåast i samanheng og på tvers av sektorane. Det krev med andre ord ei heilskapleg planlegging for å nå klima- og miljømåla.

Arealplanlegginga i kommunen er avgjerande for Vindafjord sitt bidrag til å redusera klimagassutsleppa. Noreg sitt mål om å kutta 55 % innan 2030 krev ei omfattande omstilling til eit lågutsleppssamfunn. Konsekvensutgreiingar og arealrekneskap vil gi oss viktig kunnskap for å vurdera klimaverknaden av nye planforslag. Arealplanlegginga påverkar kor mykje areal som blir bygd ned og

transportbehovet. God planlegging kan legga til rette for energisparing og redusert transportbehov, hindra nedbygging av karbonrike areal og legga til rette for fortetting, gjenbruk og transformasjon av allereie utbygde areal, før ein tar i bruk nye.

Det er store variasjonar i norske kommunar, men også innanfor vår eigen kommune er det variasjon i utbyggingsmønster. Arealdelen til kommuneplanen må derfor skapa rom for eit utbyggingsmønster som er tilpassa lokale forhold.

**Nokre nasjonale forventingar (under tema *"klima, natur og miljø for framtida"*):**

- *Omstillinga til lågutsleppssamfunnet og bidrag til oppnåing av klima- og miljømåla blir prioritert gjennom arealplanlegging som reduserer utslepp, arealbeslag og transportbehov. Regjeringa oppfordrar kommunane til å sette seg mål for å redusere nedbygginga.*
- *Det blir lagt til rette for energieffektivisering og fleksibel energibruk i næringsliv, hushaldningar og offentlege bygg*
- *Ved revidering av arealdelen i kommuneplanen, vurderer kommunen om tidlegare godkjent arealbruk skal endrast med omsyn til klima, naturmangfald, kulturmiljø, jordvern, klimatilpassing, samfunnstryggleik og eit formålstenleg utbyggingsmønster.*
- *Fortetting og transformasjon av bustad- og næringsområde blir vurdert før nye, større utbyggingsområde blir sette av og tatt i bruk.*
- *Viktig naturmangfald, jordbruksareal, vassmiljø, friluftslivsområde, overordna grøntstruktur, kulturmiljø og landskap blir kartlagde og sikra i planlegginga. Samla verknader av eksisterande og planlagt arealbruk blir lagt vekt på.*

## Mål - Klima og miljø

| Hovudmål | I andre planar | Delmål | I andre planar |
|---|---|---|---|
| 1. Redusera klimagassutslepp | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | | |
| 2. Vera førebudd på verknadene av klimaendringane | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | | |
| 3. Redusera forureining | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | | |

## Strategiar

| Namn på strategien | I andre planar | Hovudmål | Delmål | Satsingsområde |
|---|---|---|---|---|
| 1. Utarbeida klimabudsjett og -rekneskap som organisasjon og samfunn | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 1. Redusera klimagassutslepp | | Klima og miljø |
| 2. Utarbeida ein kommunedelplan for naturmangfald og karbonrike areal. | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 11. Forvalta naturressursane og ta vare på naturverdiane for noverande og kommande generasjonar | | Berekraftig kommune |

| Namn på strategien | I andre planar | Hovudmål | Delmål | Satsingsområde |
|---|---|---|---|---|
| 3. Laga ein handlingsplan for korleis kommunen som verksemd skal redusere klimagassutsleppet sitt | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 1. Redusera klimagassutslepp | | Klima og miljø |
| 4. Fremma eit ansvarleg forbruk – haldningsskapande arbeid | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 1. Redusera klimagassutslepp | | Klima og miljø |
| 5. Dimensjonera eksisterande og ny kommunal infrastruktur for klimaendringane | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 2. Vera førebudd på verknadene av klimaendringane | | Klima og miljø |

### Arealstrategiar

| Namn på strategien | I andre planar | Hovudmål | Delmål | Satsingsområde |
|---|---|---|---|---|
| 1. Forvalta areala for eit klimavenleg samfunn | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 3. Redusera forureining | | Klima og miljø |
| 2. Arbeida for at alle vassførekomstar skal ha god økologisk og god kjemisk tilstand i samsvar med planar for vassforvaltning | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 3. Redusera forureining | | Klima og miljø |

## 6.2 Samfunnstryggleik




Sikre og oversiktlege lokalsamfunn er den viktigaste ramma for at me skal ha ein trygg kvardag. Kommunen kan gjennom si planlegginga bidra til dette ved å legga til rette for at ny utbygging er robust mot naturfarar no og i framtida, og mot ulukker og annan samfunnsrisiko. Dette sikrar me best gjennom tverrfagleg og heilskapleg arbeid med samfunns- og arealdelen til kommuneplanen og gjennom ROS-analysar og beredskapsplanar.

Klimaendringar vil gi auke i ekstremvêr og me må rusta oss for ei annleis framtid. God arealplanlegging er eit viktig verktøy for å redusera konsekvensane av klimaendringane.

Kommunen har ansvar for å sikra tilgang på tilstrekkelege mengder helsemessig trygt drikkevatn. Dette er ein føresetnad for god helse og eit velfungerande samfunn. Sikring av drikkevasskjelder og areal til infrastruktur for vassforsyning og avløp, er derfor ein viktig del av kommunen si verksemd. Vassførekomstar som blir nytta til vassforsyning, må vernast mot forureining med omsynssoner med tilhøyrande føresegner.

Risiko- og sårbarheitsanalysar er nødvendige for at kommunen skal vera kjend med korleis planvedtak vil påverka risiko og sårbarheit, og for å kunne ta stilling til akseptabel risiko. I all arealplanlegging skal det gjennomførast ROS-analysar. Slik får me sett fokus på naturfarar og verksemdsrisiko og korleis arealbruken bør planleggast for å førebygga og redusera konsekvensar av alvorlege hendingar.

**Nokre av dei nasjonale forventningane (under tema "samfunnstryggleik og beredskap"):**

- *Samfunnstryggleik og beredskap blir lagt vekt på i planlegginga. Risiko- og sårbarheitsanalysar bygger på oppdatert kunnskap og blir lagt til grunn for plan- og byggesaksbehandlinga.*
- *Dei høge alternativa frå nasjonale klimaframskrivingar, og eit tilstrekkeleg langt tidsperspektiv, skal leggast til grunn når ein vurderer konsekvensar av klimaendringane. Dei fylkesvise klimaprofilane skal nyttast.*
- *Arealbruk blir planlagt slik at overvatn og fare knytt til flaum, erosjon, skred, havnivåstigning, stormflo og annan naturfare blir forsvarleg handtert.*
- *Drikkevassforsyninga i kommunen skal vera med i vurderinga av samfunnstryggleik i samfunnsdelen og arealdelen i kommuneplanen. Drikkevasskjelder blir tatt omsyn til og sikra i planlegginga, m.a. for å redusere behovet for vassreinsing.*

## Mål - Samfunnstryggleik

| Hovudmål | I andre planar | Delmål | I andre planar |
|---|---|---|---|
| 4. Utvikla trygge og robuste lokalsamfunn | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | | |

## Strategiar

| Namn på strategien | I andre planar | Hovudmål | Delmål | Satsingsområde |
|---|---|---|---|---|
| 6. Jobba førebyggande, systematisk og heilskapleg med samfunnstryggleik på tvers av sektorar og einingar, herunder styrka samarbeidet mellom kommunen og andre offentlege tenester innan sikkerheit og beredskap, ideelle organisasjonar og næringsliv. | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 4. Utvikla trygge og robuste lokalsamfunn | | Samfunnstryggleik |
| 7. Ha nødvendig kompetanse og kapasitet til å ivareta det kommunale ansvaret for innbyggarane sin tryggleik. | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 4. Utvikla trygge og robuste lokalsamfunn | | Samfunnstryggleik |

| Namn på strategien | I andre planar | Hovudmål | Delmål | Satsingsområde |
|---|---|---|---|---|
| 8. Ha tilstrekkeleg beredskap for å hindra at ulykker/kriser får utvikla seg til katastrofar/storhendingar. | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 4. Utvikla trygge og robuste lokalsamfunn | | Samfunnstryggleik |
| 9. Sikra kritisk infrastruktur; drikkevatn, straum, veg, kaiar, hamneinfrastruktur og digital infrastruktur | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 4. Utvikla trygge og robuste lokalsamfunn | | Samfunnstryggleik |
| 10. Redusera risiko for skade som følgje av naturhendingar | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 4. Utvikla trygge og robuste lokalsamfunn | | Samfunnstryggleik |
| 11. Naturbaserte løysingar av overvasshandtering | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 4. Utvikla trygge og robuste lokalsamfunn | | Samfunnstryggleik |

### Arealstrategiar

| Namn på strategien | I andre planar | Hovudmål | Delmål | Satsingsområde |
|---|---|---|---|---|
| 3. Gjennom forsvarleg arealdisponering redusera risiko for tap av liv, eller skade på helse, miljø og materielle verdiar | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 4. Utvikla trygge og robuste lokalsamfunn | | Samfunnstryggleik |
| 4. Nye byggeområde skal så langt som råd planleggast utanfor fareområda | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 4. Utvikla trygge og robuste lokalsamfunn | | Samfunnstryggleik |
| 5. Bruk av omsynssoner og føresegner i arealdelen for å sikra ei trygg arealdisponering | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 4. Utvikla trygge og robuste lokalsamfunn | | Samfunnstryggleik |

## 6.3 Folkehelse




Kommunen si planlegging kan bidra til betre folkehelse. I spreiddbygde område er det ofte nær tilgang til natur og friluftsområde, med gode moglegheiter til utfalding og fysisk aktivitet i kvardagen. I meir tettbygde strøk er det viktig å redusera helseskadeleg støy og luftforureining og samstundes legga til rette for at fleire kan gå og sykla til og frå arbeid, skule, fritidsaktivitetar m.m.. Gå- og aktivitetsvenlege lokalsamfunn fremmar fysisk og psykisk helse og livskvalitet.

Folkehelselova pålegg kommunane å legga til rette for samarbeid med frivillig sektor i planlegginga. Frivilligheita utfører ei rekke viktige samfunnsoppgåver, støttar opp om det offentlege tenestetilbodet og bidrar til gode lokalsamfunn.

Fordi folkehelsearbeidet er sektorovergripande og må omfatta heile kommunen si verksemd, skal folkehelse inngå som del av kommuneplanen i staden for å ligga som eigen temaplan. Det er formulert ulike målsettingar for tenesteområda i kommunen som viser at folkehelse er sektorovergripande. I kommunen si folkehelseoversikt er det definert 5 overordna satsingsområde for folkehelse: «Lære heile livet», «god nok heile livet», «alle med heile livet», «aktiv heile livet» og «leve heile livet». Desse fem satsingsområda for folkehelse (Folkehelseoversikta 2020 – 2024) er nå implementert som mål kommuneplanen og går fram av mål- og strategitabellen. Dette sikrar at folkehelse blir arbeidd med i heile organisasjonen. Det er berre eit utval strategiar som er vist i samfunnsdelen, men folkehelseoversikta er meint å vere ein del av kommuneplanen og meir detaljar kan sjåast i den. Folkehelseoversikta ligg her: https://pub.framsikt.net/2020/vindafjord/bm-2020-planstrategi/#/generic/summary/14740a15-f0b6-4722-beaa-0eca5a56c68f-cn
Folkehelseoversikta vil bli oppdatert i løpet av 2024. Denne vil bygge på oppdatert kunnskap og nye Stortingsmeldingar vil bli inkludert. Revidert folkehelseoversikt vil i tillegg omtale Kompetanse og rekrutteringsplanlegging for helse- og omsorgssektoren, samt Barnevernsreforma.

**Nokre nasjonale forventingar (under tema "trygge og inkluderande lokalsamfunn"):**

- *Samfunns- og arealplanlegginga blir brukt som verkemiddel for å utjamne skilnader, førebygge levekårsutfordringar og sikre ei sosial balansert utvikling gjennom bustadbygging, lokalisering av teknisk og sosial infrastruktur og offentlege tenester.*
- *Det blir lagt til rette for trygge skulevegar og aktivitetsvenlege nærmiljø med varierte tilbod for leik og opphald for ulike aldersgrupper. Deltaking i samfunnet for flest mogleg blir sikra gjennom universell utforming av nye bygningar og uteområde.*

## Mål - Folkehelse

| Hovudmål | I andre planar | Delmål | I andre planar |
|---|---|---|---|
| 5. Fremma folkehelse og jamna ut sosiale helseskilnader | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | | |
| 6. Læra heile livet | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | | |
| 7. God nok heile livet | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | | |
| 8. Alle med heile livet | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | | |
| 9. Aktiv heile livet | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | | |
| 10. Leva heile livet | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | | |

## Strategiar

| Namn på strategien | I andre planar | Hovudmål | Delmål | Satsingsområde |
|---|---|---|---|---|
| 12. Aktivt førebyggande arbeid med særskilt vekt på psykisk helse og rus | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 5. Fremma folkehelse og jamna ut sosiale helseskilnader | | Folkehelse |
| 13. Natur, friluftsliv, helse og miljø skal vera ein del av kvardagen i skule og barnehage og anna tenestetilbod | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 6. Læra heile livet | | Folkehelse |
| 14. Samarbeida med frivillige om sosiale tilbod/møteplassar og tiltak som fremmar fysisk aktivitet | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 9. Aktiv heile livet | | Folkehelse |
| 15. Prioritera trafikksikring for mjuke trafikantar i ein avstand på 4 km frå skule og sentrum | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 19. Ha trygge vegar, gode kollektivtilbod og god digital kommunikasjon | | Attraktive lokalsamfunn |

## Arealstrategiar

| Namn på strategien | I andre planar | Hovudmål | Delmål | Satsingsområde |
|---|---|---|---|---|
| 6. Sentrumsområde og bustadområde skal ha natur og turtilbod i gangavstand | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 5. Fremma folkehelse og jamna ut sosiale helseskilnader | | Folkehelse |
| 7. Viktige friluftslivsområde skal tas vare på | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 5. Fremma folkehelse og jamna ut sosiale helseskilnader | | Folkehelse |

# 7 Satsingsområda




## 7.1 Berekraftig kommune

Dei viktigaste utfordringane dette satsingsområde skal svara for, er klimaendringar, bruk og vern av landbruks-, natur- og friluftsområde og sjø og strandsone, mobilitet, transport og arealeffektivitet. Med planlegging skal me fremma ei berekraftig utvikling til beste for den einskilde, for samfunnet og for framtidige generasjonar (plan- og bygningslova sin formålsparagraf, §1-1). Plan- og bygningslova er grunnlaget for dei fleste avgjerder om arealbruk, og gir kommunestyret fullmakt til å vega ulike samfunnsinteresser opp mot kvarandre og til å avgjera kva interesser som skal prioriterast i den einskilde saka. Korleis dette ansvaret blir forvalta, er avgjerande for Vindafjord sitt bidrag til å nå berekraftsmåla og dei nasjonale klima- og miljømåla. God kommunal planlegging er derfor viktig for å avgrensa energiforbruk og klimagassutslepp. Alle avgjerder om lokalisering av næringsverksemd, bustadar, infrastruktur og tenester vil påverka energiforbruk og utslepp i tida framover. For å redusera utslepp må det leggast vekt på effektiv arealbruk og på å samordna arealbruken og transportsystemet.

Vindafjord er ein spreiddbygd kommune, der vel 62 % av innbyggarane bur i det som er definert som spreiddbygde strøk. Kommunen har eit areal på 765 km2. Kystlina er i overkant av 200 km lang. Historisk sett er busetnaden lokalisert langs fjordane og i dei større dalstrøka der det er gode forhold for jordbruk og ferdsel. Det same busettingsmønsteret er gjeldande også i dag, men sjølvsagt med ei fortetting på grunn av folketalsauken. Landbruket og utmarksressursane er viktige for mat- og planteproduksjon, busetting og kulturlandskap. Det er ei viktig oppgåve i planlegginga å ta vare på naturressursane og særleg verna om god matjord. Samstundes må jordvernet balanserast mot storsamfunnet sine behov. Planlegging av ny E134 er eit godt døme på det. Kommunen, med si lange kystline og tilknyting til to fjordbasseng, har naturleg gode tilhøve for næringar relatert til sjø. Me har sjørelatert industri og akvakulturanlegg i begge fjordbassenga.

Statistikken viser at industriverksemd er den største næringsgruppa i Vindafjord. Denne gruppa står framfor store omveltingar i åra som kjem, med tanke på grøn omstilling. Helse- og sosialtenester er nest største næringsgruppe. Desse offentlege tenestene blir omtalt under satsingsområde «Framtidsretta tenester», men også denne næringsgruppa står overfor store utfordringar i åra som kjem. Tredje størst næringsgruppe er primærnæringane. Her ser ein tydeleg nedgang i sysselsettinga, men produksjonen er oppretthalde. Med ei nasjonal målsetting om auka matproduksjon, er det viktig at næringa får tryggleik for bruken av dyrka areal og beite i heile kommunen.

**Nokre nasjonale forventningane (under tema *"velferd og berekraftig verdiskaping"* og *"klima, natur og miljø for framtida"*):**

- *Det blir lagt til rette for grøn omstilling, berekraftig verdiskaping og lønsame arbeidsplassar i heile landet.*
- *Det blir lagt til rette for berekraftig verdiskaping og grøne næringar i tilknyting til jord- og skogbruk og i randsonene til dei store verneområda.*
- *Viktig naturmangfald, jordbruksareal, vassmiljø, friluftslivsområde, overordna grøntstruktur, kulturmiljø og landskap blir kartlagde og sikra i planlegginga. Samla verknader av eksisterande og planlagt arealbruk blir lagt vekt på.*
- *Arealbruken i strandsona langs sjøen og i og langs vassdrag blir vurdert i eit heilskapleg og langsiktig perspektiv. Det blir lagt til rette for ei meir differensiert forvaltning av strandsona med større moglegheiter til næringsutvikling og busetting i spreiddbygde strøk langs kysten i sone 3 i planretningslinjene for strandsona.*

## Mål - Berekraftig kommune

| Hovudmål | I andre planar | Delmål | I andre planar |
|---|---|---|---|
| 11. Forvalta naturressursane og ta vare på naturverdiane for noverande og kommande generasjonar | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | | |
| 12. Berekraftig næringsutvikling | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | | |
| 13. Ta vare på jordbruksareal og auka matproduksjonen | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | | |
| 14. Minska miljøbelastninga frå transportsektor - meir miljøvennleg transport | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | | |

## Strategiar

| Namn på strategien | I andre planar | Hovudmål | Delmål | Satsingsområde |
|---|---|---|---|---|
| 16. Auka kunnskapen om naturverdiane | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 11. Forvalta naturressursane og ta vare på naturverdiane for noverande og kommande generasjonar | | Berekraftig kommune |
| 17. Samarbeida med næringsforeiningar og stimulera til etablering av næringsklynger (samlokalisering) og nettverk for små og store verksemder og bidra til utvikling av gründermiljø | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 12. Berekraftig næringsutvikling | | Berekraftig kommune |

| Namn på strategien | I andre planar | Hovudmål | Delmål | Satsingsområde |
|---|---|---|---|---|
| 18. Bidra til å oppretthalda produksjonsvolum og verdiskaping i landbruket | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 13. Ta vare på jordbruksareal og oppretthalda matproduksjonen | | Berekraftig kommune |
| 19. Minska talet på personbiltransportar og få større del av den samla transporten over på sykkel, gange og kollektiv | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 14. Minska miljøbelastninga frå transportsektor - meir miljøvennleg transport | | Berekraftig kommune |

## Arealstrategiar

| Namn på strategien | I andre planar | Hovudmål | Delmål | Satsingsområde |
|---|---|---|---|---|
| 8. Kommunen skal balansera mellom å ta vare på natur, dyrka og dyrkbar jord og friluftsområde, og behovet for areal til samferdsel, næringsliv og attraktive bustadområde | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 11. Forvalta naturressursane og ta vare på naturverdiane for noverande og kommande generasjonar | | Berekraftig kommune |
| 9. Kommunen skal balansera mellom å ta vare på sjøareal og strandsone og behovet for næringsareal og attraktive bustadområde | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 11. Forvalta naturressursane og ta vare på naturverdiane for noverande og kommande generasjonar | | Berekraftig kommune |
| 10. Rett verksemd på rett stad | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 12. Berekraftig næringsutvikling | | Berekraftig kommune |
| 11. Strategisk viktige næringsareal skal utviklast på Dommersnes og Nerheim | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 12. Berekraftig næringsutvikling | | Berekraftig kommune |
| 12. Gi mindre næringsaktørar utviklingsmoglegheiter lokalt | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 12. Berekraftig næringsutvikling | | Berekraftig kommune |
| 13. Dyrka mark og dyrkbar jord skal vernast om | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 13. Ta vare på jordbruksareal og oppretthalda matproduksjonen | | Berekraftig kommune |
| 14. Legga til rette for eit samanhengande vegnett for mjuke trafikantar | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 19. Ha trygge vegar, gode kollektivtilbod og god digital kommunikasjon | | Attraktive lokalsamfunn |
| 15. Vegutbygging og -utbetring skal skje med minst mogleg negativ | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 19. Ha trygge vegar, gode kollektivtilbod og god digital kommunikasjon | | Attraktive lokalsamfunn |

| Namn på strategien | I andre planar | Hovudmål | Delmål | Satsingsområde |
|---|---|---|---|---|
| påverknad på matjord, natur og busetnad | | | | |

## 7.2 Attraktive lokalsamfunn




Vindafjord er variert og mangfaldig, og dette mangfaldet er verdifullt. Det er viktig at kommunen legg til rette for attraktive, trygge og inkluderande lokalsamfunn. Då må me bygga vidare på variasjonen og særtrekka til tettstadane, dei større og mindre lokalsamfunna og dei spreiddbygde strøka, slik at det er godt å bu, leva og arbeida der. Mange av lokalsamfunna har til dels svake senter og me har også eit svakt kommunesenter. Bustadtilbodet er mangelfullt i nokre av lokalsamfunna. Eit variert og attraktivitet bustadtilbod er vanskeleg i møte med nasjonale føringar. Jordvern og strandsonevern er nasjonale føringar som også er viktige for Vindafjord, men det må vera rom for å ta i bruk differensierte verkemiddel for å sikra busettinga i dei minste lokalsamfunna. I nasjonale forventningar skriv regjeringa følgande: *«Målet er ein politikk tilpassa regionale og lokale forhold, og slik at det kan leggjast til rette for ny vekst og sterkare utvikling i område med svak eller negativ utvikling i folketalet. Sentralisering som svekkjer lokale tenester og tilbod, er ikkje berekraftig. Alle kommunane skal ha moglegheit til å utvikle små og store lokalsamfunn. Særleg i dei områda der folketalet går ned eller står stille, må det vere monaleg større vekt på dei lokale vurderingane og prioriteringane.»* Dette er signal Vindafjord kommune tar godt i mot, og håpar kan bidra til ønskt utvikling i kommunen vår.

Kommunen har også utfordringar med tanke på **besøksattraktivitet**. Mangelfull satsing på natur- og kulturbaserte opplevingar, reiseliv og kultur, saman med eit svakt kommunesenter gjer oss svake på besøksattraktivitet. Arbeidet med desse sakene må i stor grad skje i samarbeid med frivilligheita og private aktørar, men kunne med fordel fått sterkare fokus også i kommunen sitt arbeid som samfunnsutviklar. Grendeutvala blir tatt aktivt med i saker som omhandlar utvikling i bygdene og er også sentrale i arbeidet med kommuneplanen. Kommunen har styrka samarbeidet med grendeutvala for å bygga opp under kvalitetane i dei einskilde bygdene. I Vindafjord er det lange og gode tradisjonar for frivillig arbeid. Dette er eit heilt uvurderleg samfunnsnyttig og ulønna arbeid i bygdene våre. Å delta i frivillig arbeid er både meiningsfylt og helsefremmande, og bidrar til glede for både den som gir og den som får. Å ta vare på desse verdiane gir eit godt samfunn å bu i for folk i alle aldrar. Å stimulera til, støtta økonomisk og utvikla eit tettare samarbeid med dei frivillige organisasjonane er ein viktig del av lokal samfunnsutvikling.

Kommunen har sin styrke på **bedriftsattraktivitet**, men også her er det utfordringar knytt til det grøne skiftet og at me har svake punkt med tanke på infrastruktur.

Kommuneplanen skal visa veg og synleggjera korleis kommunen i åra som kjem kan bli meir attraktiv for eigne og nye innbyggarar, besøkande og næringsliv. Gode lokalsamfunn og nabolag gir grunnlag for stabile bumiljø og livskvalitet i ulike fasar av livet. Attraktive og godt planlagde omgivnader, tilgang på natur og varierte tilbod og møteplassar er viktig for identitet, folkehelse og miljø.

I små bygder er hovudvekta av dei som buset seg der, folk med tilknyting til bygda. Dette er også inntrykket i bygdene våre, i følge grendeutvala. Nokon vel å bli verande, andre vender tilbake til heimbygda på eit seinare tidspunkt i livet. Det kan t.d. vera etter ferdig utdanning, ved familieetablering, eller ved avslutta yrkesaktivitet.  Vindafjord har eit overskot av arbeidsplassar og såleis ei netto innpendling. Det er derfor eit potensial for at desse pendlerane kan busette seg i kommunen, dersom kommunen er buattraktiv nok. Hovudutfordringa for kommunen er å bidra slik at me har gode føresetnader for busetting. Kva verkemiddel som er naudsynt vil variera i forhold til lokalsamfunna sine særtrekk. Derfor har kommunen ei viktig rolle i lokalt utviklingsarbeid og i å finna verkemiddel som er tilpassa lokale forhold. Grunnlaget for ei positiv lokal samfunnsutvikling ligg ofte i ei blanding av det å utvikla næringsliv og tettstad- og bustadområde, og kulturuttrykk og tenester.

Vindafjord kommune er medviten sitt behov for ein målretta innsats for å oppretthalda og styrka sin attraktivitet som både bustad, arbeidsstad og reisemål. Attraktivitetsprosjektet «Vakre Vindafjord» starta opp i 2018. Prosjektet sette fokus på busettingsattraktiviteten i Vindafjord Kommune. Prosjektet har både hatt som mål å bidra til at folk skulle flytte til kommunen og å hindra fråflytting, særskilt med vekt på dei tre bygdene med færrast innbyggjarar. Ei viktig målsetting har vore å betra «kvardagattraktiviteten», «der det er godt å bu og vera, der vil folk bu».

Fleire aktivitetar er gjennomført sidan oppstarten i 2018,  og Gode VIBar er den nyaste satsinga. Gjennom eit samarbeid med innovasjonsklynga Nordic Edge og Rogaland fylkeskommune har ein gjennomført ein idèverkstad for å identifisera konkrete stad- og næringsutviklingsprosjekt som bygger på den spisskompetansen og dei fortrinna Vindafjord har, og dei moglegheitene me har til å bruka ressursar på å skapa nye tilbod. Målet med «Gode VIB'ar-prosjektet er å styrka bostedsattraktivitet, besøksattraktivitet og næringsattraktivitet i Vindafjord.

Å arbeida for at Ølen skal bli eit sterkt regiondelsenter og kommunesenter er ein viktig strategi. Eit sterkt sentrum gir heile kommunen styrke i regionen. Kommunen deltar i eit tettstadsutviklingsprosjekt i regi av Rogaland fylkeskommune. Formålet er å bygga identitet og sjølvkjensle for tettstaden Ølen, og ei bevisstheit i heile kommunen om at eit sterkt kommunesenter er godt for dei åtte andre bygdene. Det er også viktig å arbeida kontinuerleg med tettstadsutvikling/bygdeutvikling for å bygga identitetskjensle hos innbyggarane og auka eigen kompetanse i organisasjonen.

**Nokre nasjonale forventningar (under tema *"trygge og inkluderande lokalsamfunn")* :**

- *Berekraftsmåla, nasjonale klima- og miljømål, lokalt folkestyre og løysingar som styrkar verdiskaping og busetnad i heile landet, blir lagde til grunn for den overordna samfunns- og arealplanlegginga og for staten si deltaking i planprosessane.*
- *Det blir lagt til rette for å utvikle gode lokalsamfunn i bygd og by, i små tettstadar og spreiddbygde område med tilgang til bustadar og tenester i tråd med kommunale føresetnader og behov.*
- *I byar og tettstadar lokaliserer ein bustadar, næringsverksemd, arbeidsplassar, handel og tenestetilbod slik at dei bidreg til å styrke attraktiviteten til stadane og bygger opp under sentrumsfunksjonane. Sentrumsområda blir utvikla og følgt opp i samarbeid med private aktørar og innbyggarane.*

- *Det blir sett av tilstrekkelege areal av god kvalitet til grøntstruktur, uterom og møteplassar som stimulerer til fysisk aktivitet, naturoppleving og sosialt fellesskap, samtidig som byar og tettstadar blir utvikla gjennom fortetting og transformasjon.*
- *Det blir lagt til rette for kultur, kunst, idrett og frivilligheit i planlegginga og sett av tilstrekkeleg areal til kultur- og idrettsformål.*

## Mål - Attraktive lokalsamfunn

| Hovudmål | I andre planar | Delmål | I andre planar |
|---|---|---|---|
| 15. Alle lokalsamfunn skal ha attraktive bustadområde | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | | |
| 16. Bygga sterke sentrum i lokalsamfunna og utvikla Ølen til eit samlande kommunesenter | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | | |
| 17. Ha eit kulturliv som gir gode opplevingar for innbyggarane og besøkande | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | | |
| 18. Lokalsamfunna skal opplevast gode å bu i og å besøka | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | | |
| 19. Ha trygge vegar, gode kollektivtilbod og god digital kommunikasjon | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | | |
| 20. Trygge, inkluderande og lærande oppvekstmiljø | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | | |

## Strategiar

| Namn på strategien | I andre planar | Hovudmål | Delmål | Satsingsområde |
|---|---|---|---|---|
| 20. Ha tilgjengeleg attraktive bustadtomter og varierte butilbod i alle bygder | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 15. Alle lokalsamfunn skal ha attraktive bustadområde | | Attraktive lokalsamfunn |
| 21. Busettingsomsyn er særskilt gjeldande i Imsland, Bjoa og Vikebygd. Vidareutvikla gode VIBar prosjektet | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 15. Alle lokalsamfunn skal ha attraktive bustadområde | | Attraktive lokalsamfunn |
| 22. Legga til rette for universelt utforma bustadar og butilbod med omsorgsfunksjon | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 15. Alle lokalsamfunn skal ha attraktive bustadområde | | Attraktive lokalsamfunn |
| 23. Fremma gode bumiljø og sentrumsområde og legga til rette for møteplassar, uterom, leikeplassar og gangvegar/snarvegar | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 15. Alle lokalsamfunn skal ha attraktive bustadområde | | Attraktive lokalsamfunn |

| Namn på strategien | I andre planar | Hovudmål | Delmål | Satsingsområde |
|---|---|---|---|---|
| 24. Arbeida for å styrka bygdene sine kvalitetar og støtta opp om bygdeutviklingsprosjekt / stadsutviklingsprosjekt | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 16. Bygga sterke sentrum i lokalsamfunna og utvikla Ølen til eit samlande kommunesenter | | Attraktive lokalsamfunn |
| 25. Ølen og Ølensvåg skal utviklast i retning mot kvarandre | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 16. Bygga sterke sentrum i lokalsamfunna og utvikla Ølen til eit samlande kommunesenter | | Attraktive lokalsamfunn |
| 26. Aktiv bruk av grendeutvala i saker som har allmenn interesse for bygda og saker som vedkjem utvikling av kommunesenteret og sentrumsfunksjonar | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 16. Bygga sterke sentrum i lokalsamfunna og utvikla Ølen til eit samlande kommunesenter | | Attraktive lokalsamfunn |
| 27. Legga til rette for at arbeidspendlarar og utanlandske innvandrarar buset seg i kommunen | Økonomiplanen: ikkje innarbeida | 18. Lokalsamfunna skal opplevast gode å bu i og besøka | | Attraktive lokalsamfunn |
| 28. Støtta opp om eit godt kultur- og aktivitetstilbod i samarbeid med andre | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 17. Ha eit kulturliv som gir gode opplevingar for innbyggarane og besøkande | | Attraktive lokalsamfunn |
| 29. Bidra til gode sosiale møteplassar og stimulera til nettverk for aktivitet | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 17. Ha eit kulturliv som gir gode opplevingar for innbyggarane og besøkande | | Attraktive lokalsamfunn |
| 30. Styrka og synleggjera kommunen sin identitet, særpreg og attraksjonsverdi | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 17. Ha eit kulturliv som gir gode opplevingar for innbyggarane og besøkande | | Attraktive lokalsamfunn |
| 31. Definera kommunen som reiselivsdestinasjon og legga til rette for eit berekraftig reiseliv basert på oppleving av natur og kultur | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 17. Ha eit kulturliv som gir gode opplevingar for innbyggarane og besøkande | | Attraktive lokalsamfunn |
| 32. Formidla kunnskapen om kulturminne og kulturmiljø og bidra aktiv til bruk og vern | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 17. Ha eit kulturliv som gir gode opplevingar for innbyggarane og besøkande | | Attraktive lokalsamfunn |
| 33. Vera pådrivar for offentleg vegutbygging; E134, Fv 46 og andre fylkesvegar, og pådrivar for bygging av høgfartstog mellom Vestlandet og Austlandet over Haukeli | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 19. Ha trygge vegar, gode kollektivtilbod og god digital kommunikasjon | | Attraktive lokalsamfunn |

| Namn på strategien | I andre planar | Hovudmål | Delmål | Satsingsområde |
|---|---|---|---|---|
| 34. Barnehage- og skulestruktur som sikrar kvalitet i opplæringa og bygger opp om attraktive lokalsamfunn | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 20. Trygge, inkluderande og lærande oppvekstmiljø | | Framtidsretta tenester - gode liv og livslang læring |

## Arealstrategiar

| Namn på strategien | I andre planar | Hovudmål | Delmål | Satsingsområde |
|---|---|---|---|---|
| 14. Legga til rette for eit samanhengande vegnett for mjuke trafikantar | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 19. Ha trygge vegar, gode kollektivtilbod og god digital kommunikasjon | | Attraktive lokalsamfunn |
| 15. Vegutbygging og -utbetring skal skje med minst mogleg negativ påverknad på matjord, natur og busetnad | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 19. Ha trygge vegar, gode kollektivtilbod og god digital kommunikasjon | | Attraktive lokalsamfunn |
| 16. Fortetta og ha effektiv arealutnytting i og nær tettstadane/i bygdesentra, og her skal utbygging i hovudsak skje gjennom reguleringsplan. Bygga innanfrå og ut | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 15. Alle lokalsamfunn skal ha attraktive bustadområde | | Attraktive lokalsamfunn |
| 17. Ha eit tilbod om spreidd busetnad der det er naudsynt ut frå busettingsomsyn og som alternativ til bustadfelt for å vera buattraktive | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 15. Alle lokalsamfunn skal ha attraktive bustadområde | | Attraktive lokalsamfunn |
| 18. Lokalisera bustadområde slik at dei opplevast buattraktive t.d. nær fjorden/med utsikt til fjorden, men sikra at allmenta får tilgang til strandsona | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 15. Alle lokalsamfunn skal ha attraktive bustadområde | | Attraktive lokalsamfunn |
| 19. Regiondelsenteret/kommunesenteret Ølen skal planleggast med sterke sentrumskvalitetar | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 16. Bygga sterke sentrum i lokalsamfunna og utvikla Ølen til eit samlande kommunesenter | | Attraktive lokalsamfunn |
| 20. Setta av areal til sentrumsformål eller kombinerte formål i alle bygder for å styrka bygdesentra | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 16. Bygga sterke sentrum i lokalsamfunna og utvikla Ølen til eit samlande kommunesenter | | Attraktive lokalsamfunn |
| 21. Sikra viktige og utvalde kulturminne gjennom arealforvaltning og samarbeid med private grunneigarar og kulturmyndigheit | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 17. Ha eit kulturliv som gir gode opplevingar for innbyggarane og besøkande | | Attraktive lokalsamfunn |

| Namn på strategien | I andre planar | Hovudmål | Delmål | Satsingsområde |
|---|---|---|---|---|
| 22. Ta vare på kulturminne og kulturmiljø for å bevara vår eigenart, og som ein ressurs for reiseliv og næringsutvikling | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 18. Lokalsamfunna skal opplevast gode å bu i og å besøka | | Attraktive lokalsamfunn |

## 7.3 Framtidsretta tenester - gode liv og livslang læring




Kommuneplanen skal svara på korleis kommunen kan legga til rette for framtidsretta tenester, slik at innbyggarane får gode liv og livslang læring. Kompetanse, tverrfagleg samarbeid, fokus på førebyggande arbeid og aktiviserande tilbod vil vera viktig i eit framtidsretta tenestetilbod.

Gode tenestetilbod vil kunne bidra til at fleire vel å busetta seg i lokalsamfunna våre. Også eit rikt kultur- og idrettsliv er ein føresetnad for busetnad og trivsel i kommunen, samt at det er viktig for både den fysiske og psykiske folkehelsa. Å auka interessa for deltaking i fysiske og sosiale aktivitetar og å legga til rette for sosiale møteplassar for alle aldrar er ei sentral oppgåve i åra framover. Engasjement og frivilligheit, som ofte er små lokalsamfunn sine fortrinn, må me bygge vidare på og dra nytte av i eit variert og framtidsretta tenestetilbod.

**Nokre nasjonale forventingar (under tema *"trygge og inkluderande lokalsamfunn")*:**

- *Det blir lagt til rette for å utvikle gode lokalsamfunn i bygd og by, i små tettstadar og spreiddbygde område med tilgang til bustadar og tenester i tråd med kommunale føresetnader og behov.*
- *Det blir lagt til rette for at eldre som ønskjer det, kan bli buande lenger i eigen bustad. Kommunane ser utviklinga i helse- og omsorgstenester i samanheng med bustadplanlegging og den langsiktige økonomien til kommunen.*
- *Det er også ei nasjonal forventning om at kommunane skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir tatt hand om over tid.*

### Mål - framtidsretta tenester

| Hovudmål | I andre planar | Delmål | I andre planar |
|---|---|---|---|
| 20. Trygge, inkluderande og lærande oppvekstmiljø | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | | |
| 21. Tenestetilbod som er tilpassa behovet og alderssamansetniinga | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | | |

| Hovudmål | I andre planar | Delmål | I andre planar |
|---|---|---|---|
| 22. Omstillingsdyktig og serviceinnstilt kommuneorganisasjon | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | | |

## Strategiar

| Namn på strategien | I andre planar | Hovudmål | Delmål | Satsingsområde |
|---|---|---|---|---|
| 34. Barnehage- og skulestruktur som sikrar kvalitet i opplæringa og bygger opp om attraktive lokalsamfunn | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 20. Trygge, inkluderande og lærande oppvekstmiljø | | Framtidsretta tenester - gode liv og livslang læring |
| 35. Gi tilpassa opplæring | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 20. Trygge, inkluderande og lærande oppvekstmiljø | | Framtidsretta tenester - gode liv og livslang læring |
| 36. Arbeida for at flest mogleg skal ha eit godt grunnlag for å gjennomføre vidaregåande skule | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 20. Trygge, inkluderande og lærande oppvekstmiljø | | Framtidsretta tenester - gode liv og livslang læring |
| 37. Ta barn og unge med på råd | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 20. Trygge, inkluderande og lærande oppvekstmiljø | | Framtidsretta tenester - gode liv og livslang læring |
| 38. Bruka nærmiljø og lokalsamfunn (naturen, frivillige og næringsliv) i tenestetilbodet | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 21. Tenestetilbod som er tilpassa behovet og alderssamansetniinga | | Framtidsretta tenester - gode liv og livslang læring |
| 39. Styrka samarbeidet mellom helse og omsorg, kultur, private og frivillig sektor | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 21. Tenestetilbod som er tilpassa behovet og alderssamansetniinga | | Framtidsretta tenester - gode liv og livslang læring |
| 40. Fokus på barn og unge som lever under vanskelege forhold både sosialt og økonomisk | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 21. Tenestetilbod som er tilpassa behovet og alderssamansetniinga | | Framtidsretta tenester - gode liv og livslang læring |
| 41. Styrka kvardagsrehabilitering, og bruk av velferdsteknologi | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 21. Tenestetilbod som er tilpassa behovet og alderssamansetniinga | | Framtidsretta tenester - gode liv og livslang læring |
| 42. Sikra og utvikla god økonomisk styring som grunnlag for gode tenester og føreseielege tilbod | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 22. Omstillingsdyktig og serviceinnstilt kommuneorganisasjon | | Framtidsretta tenester - gode liv og livslang læring |
| 43. Oppretthalda den økonomiske handleevna over tid gjennom nødvendig | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 22. Omstillingsdyktig og serviceinnstilt kommuneorganisasjon | | Framtidsretta tenester - gode liv og livslang læring |

| Namn på strategien | I andre planar | Hovudmål | Delmål | Satsingsområde |
|---|---|---|---|---|
| omstrukturering av tenestene i tråd med framtidige behov | | | | |
| 44. Utvikla ein fagleg sterk organisasjon med fokus på trivsel, innbyggarinvolvering og brukarmedverknad | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 22. Omstillingsdyktig og serviceinnstilt kommuneorganisasjon | | Framtidsretta tenester - gode liv og livslang læring |
| 45. Utvikla ein organisasjonsstruktur som legg til rette for den gode tenesteytinga | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 22. Omstillingsdyktig og serviceinnstilt kommuneorganisasjon | | Framtidsretta tenester - gode liv og livslang læring |
| 46. Søka interkommunalt samarbeid der det gir betre eller billigare løysingar | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 22. Omstillingsdyktig og serviceinnstilt kommuneorganisasjon | | Framtidsretta tenester - gode liv og livslang læring |
| 47. Rekruttera og behalda leiarar og medarbeidarar med evne og vilje til stadig forbetring | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 22. Omstillingsdyktig og serviceinnstilt kommuneorganisasjon | | Framtidsretta tenester - gode liv og livslang læring |
| 48. Tilby heile stillingar og konkurransedyktig løn | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 22. Omstillingsdyktig og serviceinnstilt kommuneorganisasjon | | Framtidsretta tenester - gode liv og livslang læring |
| 49. Satsa på fag- og leiarutvikling på alle nivå | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 22. Omstillingsdyktig og serviceinnstilt kommuneorganisasjon | | Framtidsretta tenester - gode liv og livslang læring |
| 50. Sikra god sambruk av og i tenester ved framtidige utbyggingar. | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 22. Omstillingsdyktig og serviceinnstilt kommuneorganisasjon | | Framtidsretta tenester – gode liv og livslang læring |

# 8 Arealstrategiar

Kommunen sine arealstrategiar er langsiktige og gir overordna føringar for framtidig arealbruk. Arealstrategiane skal ligga til grunn for arealplanlegginga på alle plannivå; kommuneplanen sin arealdel, kommunedelplanar, reguleringsplanar, i byggesaker og i temaplanar. Arealstrategiane bygger opp under kommunen sine satsingsområde Berekraftig kommune, Attraktive lokalsamfunn og Framtidsretta tenester og skal bidra til at kommunen når sine hovudmål.

Vindafjord kan ikkje seiast å vera ein presskommune. Veksten skjer i hovudsak langs E134 på strekninga frå Skjold til Ølen. For å sikra busetting og aktivitet i dei andre delane av kommunen er det derfor viktig at me i Vindafjord arbeidar for ein differensiert arealbruk, og det er behov for planstyrt fleksibilitet. I og nær tettstadane skal me fortetta og ha ei effektiv arealutnytting, og her skal

utbygginga i hovudsak skje gjennom reguleringsplan. Me skal bygga innanfrå og ut. I andre lokalsamfunn skal me ha eit tilbod om spreidd busetnad der det er naudsynt ut frå busettingsomsyn og som alternativ til bustadfelt, for å vera buattraktive.

Regiondelsenteret og kommunesenteret Ølen skal planleggast med sterke sentrumskvalitetar, gode tenestetilbod for heile Vindafjord, tenleg infrastruktur og god kommunikasjon. Kommunen har store reservar til byggeområde, både til bustad og næring. Nokre byggeområde har lenge vore sett av til utbygging utan å bli realisert. Ved revisjon av arealdelen er det viktig å vurdera om ein skal ta ut eldre byggeområde som ikkje har blitt realisert, og eventuelt sjå om me kan finna nye areal som erstatning for nokre av byggeområda.

Det er eit ønskje om meir spreidd busetnad og busetnad nær sjøen og/eller med utsikt til sjøen. Busetnaden i kommunen er tradisjonelt lokalisert nært sjø og strandsone eller i dei fruktbare dalføra med aktivt jordbrukslandskap. I eit historisk perspektiv er utbygging nær sjø ei heilt naturleg utvikling. Busetnad nær sjøen og/eller med utsikt over sjøen/fjorden er eit av elementa som gjer Vindafjord buattraktiv, men det er også mange andre element som skapar buattraktivitet. Det må bli lettare å få planlagt ei slik utbygging i bygdene, utan at det reduserer allmenta sin tilgang til strandsona.

Det er også viktig i arbeidet med bustadattraktivitet  å gi rom for at dei små bygdene kan skile seg ut ved å kunne tilby noko ekstra som ein ikkje finn andre plassar. Mellom anna gjennom satsinga Gode VIBar kan kommunen legge føringar og mål for styrking av dette.

Samferdsel og kommunikasjon inn og ut av kommunen og internt i kommunen er ein viktig faktor for kor attraktiv Vindafjord er for busetting og næringsetablering. Lokalisering av nye næringsareal og bustadområde er viktig for attraktiviteten til kommunen samstundes som me må planlegga for å redusera våre klimagassutslepp.

## 8.1 Arealstrategiar

| Namn på strategien | I andre planar | Hovudmål | Delmål | Satsingsområde |
|---|---|---|---|---|
| 1. Forvalta areala for eit klimavenleg samfunn | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 3. Redusera forureining | | Klima og miljø |
| 2. Arbeida for at alle vassførekomstar skal ha god økologisk og god kjemisk tilstand i samsvar med planar for vassforvaltning | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 3. Redusera forureining | | Klima og miljø |
| 3. Gjennom forsvarleg arealdisponering redusera risiko for tap av liv, eller skade på helse, miljø og materielle verdiar | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 4. Utvikla trygge og robuste lokalsamfunn | | Samfunnstryggleik |
| 4. Nye byggeområde skal så langt som råd planleggast utanfor fareområda | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 4. Utvikla trygge og robuste lokalsamfunn | | Samfunnstryggleik |

| Namn på strategien | I andre planar | Hovudmål | Delmål | Satsingsområde |
|---|---|---|---|---|
| 5. Bruk av omsynssoner og føresegner i arealdelen for å sikra ei trygg arealdisponering | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 4. Utvikla trygge og robuste lokalsamfunn | | Samfunnstryggleik |
| 6. Sentrumsområde og bustadområde skal ha natur og turtilbod i gangavstand | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 5. Fremma folkehelse og jamna ut sosiale helseskilnader | | Folkehelse |
| 7. Viktige friluftslivsområde skal tas vare på | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 5. Fremma folkehelse og jamna ut sosiale helseskilnader | | Folkehelse |
| 8. Kommunen skal balansera mellom å ta vare på natur, dyrka og dyrkbar jord og friluftsområde, og behovet for areal til samferdsel, næringsliv og attraktive bustadområde | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 11. Forvalta naturressursane og ta vare på naturverdiane for noverande og kommande generasjonar | | Berekraftig kommune |
| 9. Kommunen skal balansera mellom å ta vare på sjøareal og strandsone og behovet for næringsareal og attraktive bustadområde | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 11. Forvalta naturressursane og ta vare på naturverdiane for noverande og kommande generasjonar | | Berekraftig kommune |
| 10. Rett verksemd på rett stad | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 12. Berekraftig næringsutvikling | | Berekraftig kommune |
| 11. Strategisk viktige næringsareal skal utviklast på Dommersnes og Nerheim | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 12. Berekraftig næringsutvikling | | Berekraftig kommune |
| 12. Gi mindre næringsaktørar utviklingsmoglegheiter lokalt | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 12. Berekraftig næringsutvikling | | Berekraftig kommune |
| 13. Dyrka mark og dyrkbar jord skal vernast om | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 13. Ta vare på jordbruksareal og oppretthalda matproduksjonen | | Berekraftig kommune |
| 14. Legga til rette for eit samanhengande vegnett for mjuke trafikantar | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 19. Ha trygge vegar, gode kollektivtilbod og god digital kommunikasjon | | Attraktive lokalsamfunn |
| 15. Vegutbygging og -utbetring skal skje med minst mogleg negativ påverknad på matjord, natur og busetnad | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 19. Ha trygge vegar, gode kollektivtilbod og god digital kommunikasjon | | Attraktive lokalsamfunn |
| 16. Fortetta og ha effektiv arealutnytting i og nær tettstadane/i bygdesentra, og her skal utbygging i | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 15. Alle lokalsamfunn skal ha attraktive bustadområde | | Attraktive lokalsamfunn |

| Namn på strategien | I andre planar | Hovudmål | Delmål | Satsingsområde |
|---|---|---|---|---|
| hovudsak skje gjennom reguleringsplan. Bygga innanfrå og ut | | | | |
| 17. Ha eit tilbod om spreidd busetnad der det er naudsynt ut frå busettingsomsyn og som alternativ til bustadfelt for å vera buattraktive | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 15. Alle lokalsamfunn skal ha attraktive bustadområde | | Attraktive lokalsamfunn |
| 18. Lokalisera bustadområde slik at dei opplevast buattraktive t.d. nær fjorden/med utsikt til fjorden, men sikra at allmenta får tilgang til strandsona | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 15. Alle lokalsamfunn skal ha attraktive bustadområde | | Attraktive lokalsamfunn |
| 19. Regiondelsenteret/kommunesenteret Ølen skal planleggast med sterke sentrumskvalitetar | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 16. Bygga sterke sentrum i lokalsamfunna og utvikla Ølen til eit samlande kommunesenter | | Attraktive lokalsamfunn |
| 20. Setta av areal til sentrumsformål eller kombinerte formål i alle bygder for å styrka bygdesentra | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 16. Bygga sterke sentrum i lokalsamfunna og utvikla Ølen til eit samlande kommunesenter | | Attraktive lokalsamfunn |
| 21. Sikra viktige og utvalde kulturminne gjennom arealforvaltning og samarbeid med private grunneigarar og kulturmyndigheit | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 17. Ha eit kulturliv som gir gode opplevingar for innbyggarane og besøkande | | Attraktive lokalsamfunn |
| 22. Ta vare på kulturminne og kulturmiljø for å bevara vår eigenart, og som ein ressurs for reiseliv og næringsutvikling | Økonomiplan: Ikkje innarbeida | 18. Lokalsamfunna skal opplevast gode å bu i og å besøka | | Attraktive lokalsamfunn |

# 9 Samfunnsdelen i kort versjon

Målet me set oss, fortel oss kva resultat me ønsker å oppnå i ein planperiode. Strategien fortel oss korleis me skal nå målet. Strategien er såleis «kartet» som visar oss vegen til målet. Det er ei nasjonal og regional forventning at kommunen også utarbeidar ein arealstrategi. Arealstrategien skal vera bindeleddet mellom samfunnsdelen og arealdelen. Kommunen sine arealstrategiar er langsiktige og gir overordna føringar for framtidig arealbruk. I det følgande er mål, strategiar og arealstrategiar for sektorovergripande tema og satsingsområde framstilt i tabellform.

## Sektorovergripande tema

| | MÅL | STRATEGIAR | AREALSTRATEGIAR |
|---|---|---|---|
| **Klima og miljø**<br><br>**Berekraftsmål:** | **1. Redusera klimagassutslepp**<br>**2. Vera førebudd på verknadene av klimaendringane**<br>**3. Redusera forureining** | 1. Utarbeida klimabudsjett og -rekneskap som organisasjon og samfunn<br>2. Utarbeida ein kommunedelplan for naturmangfald og karbonrike areal<br>3. Laga ein handlingsplan for korleis kommunen som verksemd skal reduser klimagassutsleppet sitt<br>4. Fremma eit ansvarleg forbruk – haldningsskapande arbeid<br>5. Dimensjonera eksisterande og ny kommunal infrastruktur for klimaendringane | 1. Forvalta areala for eit klimavenleg samfunn<br>2. Arbeida for at alle vassførekomstar skal ha god økologisk og god kjemisk tilstand i samsvar med planar for vassforvaltning |
| **Samfunnstryggleik**<br><br>**Berekraftsmål:** | **4. Utvikla trygge og robuste lokalsamfunn** | 6. Jobba førebyggande, systematisk og heilskapleg med samfunnstryggleik på tvers av sektorar og einingar, herunder styrka samarbeidet mellom kommunen og andre offentlege tenester innan sikkerheit og beredskap, ideelle organisasjonar og næringsliv<br>7. Ha nødvendig kompetanse og kapasitet til å ivareta det kommunale ansvaret for innbyggarane sin tryggleik<br>8. Ha tilstrekkeleg beredskap for å hindra at ulykker/kriser får utvikla seg til katastrofar/storhendingar<br>9. Sikra kritisk infrastruktur; drikkevatn, straum, veg, kaiar, hamneinfrastruktur og digital infrastruktur<br>10. Redusera risiko for skade som følgje av naturhendingar<br>11. Naturbaserte løysingar av overvasshandtering | 3. Gjennom forsvarleg arealdisponering redusera risiko for tap av liv, eller skade på helse, miljø og materielle verdiar<br>4. Nye byggeområde skal så langt som råd planleggast utanfor fareområda<br>5. Bruk av omsynssoner og føresegner i arealdelen for å sikra ei trygg arealdisponering |
| **Folkehelse**<br>**Berekraftsmål:** | **5. Fremma folkehelse og jamna ut sosiale helseskilnader**<br>**6. Læra heile livet**<br>**7. God nok heile livet**<br>**8. Alle med heile livet**<br>**9. Aktiv heile livet**<br>**10. Leva heile livet** | 12. Aktivt førebyggande arbeid med særskilt vekt på psykisk helse og rus<br>13. Natur, friluftsliv, helse og miljø skal vera ein del av kvardagen i skule og barnehage og anna tenestetilbod<br>14. Samarbeida med frivillige om sosiale tilbod/møteplassar og tiltak som fremmar fysisk aktivitet<br>15. Prioritera trafikktryggleik for mjuke trafikantar<br><br>Sjå elles til strategiar i folkehelseoversikta 2020-2024 for mål 6 – 10. | 6. Sentrumsområde og bustadområde skal ha natur og turtilbod i gangavstand<br>7. Viktige friluftslivsområde skal tas vare på |

| Satsingsområde | MÅL | STRATEGIAR | AREALSTRATEGIAR |
| --- | --- | --- | --- |
| **Berekraftig kommune**<br><br>**Berekraftsmål:**<br> | **11. Forvalta naturressursane og ta vare på naturverdiane for noverande og kommande generasjonar**<br><br>**12. Berekraftig næringsutvikling**<br><br>**13. Ta vare på jordbruksareal og auka matproduksjonen**<br><br>**14. Minska miljøbelastninga frå transportsektor - meir miljøvennleg transport** | 16. Auka kunnskapen om naturverdiane<br><br>17. Samarbeida med næringsforeiningar og stimulera til etablering av næringsklynger (samlokalisering) og nettverk for små og store verksemder og bidra til utvikling av gründermiljø<br><br>18. Bidra til å oppretthalda produksjonsvolum og verdiskaping i landbruket<br><br>19. Minska talet på personbiltransportar og få større del av den samla transporten over på sykkel, gange og kollektiv | 8. Kommunen skal balansera mellom å ta vare på natur, dyrka og dyrkbar jord og friluftsområde, og behovet for areal til samferdsel, næringsliv og attraktive bustadområde<br>9. Kommunen skal balansera mellom å ta vare på sjøareal og strandsone og behovet for næringsareal og attraktive bustadområde<br><br>10. Rett verksemd på rett stad<br>11. Strategisk viktige næringsareal skal utviklast på Dommersnes og Nerheim<br>12. Gi mindre næringsaktørar utviklingsmoglegheiter lokalt<br><br>13. Dyrka mark og dyrkbar jord skal vernast om<br><br>14. Legga til rette for eit samanhengande vegnett for mjuke trafikantar<br>15. Vegutbygging og -utbetring skal skje med minst mogleg negativ påverknad på matjord, natur og busetnad |

| Satsingsområde | MÅL | STRATEGIAR | AREALSTRATEGIAR |
| --- | --- | --- | --- |
| **Attraktive lokalsamfunn**<br><br>**Berekraftsmål:** | **15. Alle lokalsamfunn skal ha attraktive bustadområde**<br><br>**16. Bygga sterke sentrum i lokalsamfunna og utvikla Ølen til eit samlande kommunesenter**<br><br>**17. Ha eit kulturliv som gir gode opplevingar for innbyggarane og besøkande**<br><br>**18. Lokalsamfunna skal opplevast gode å bu i og å besøka**<br><br>**19. Ha trygge vegar, gode kollektivtilbod og god digital kommunikasjon.**<br><br>**20. Trygge, inkluderande og lærande oppvekstmiljø** | 20. Ha tilgjengeleg attraktive bustadtomter og varierte butilbod i alle bygder<br>21. Busettingsomsyn er særskilt gjeldande i Imsland, Bjoa og Vikebygd. Vidareutvikla gode VIBar prosjektet<br>22. Legga til rette for universelt utforma bustadar og butilbod med omsorgsfunksjonar<br><br>23. Fremma gode bumiljø og sentrumsområde og legga til rette for møteplassar, uterom, leikeplassar og gangvegar/snarvegar<br><br>24. Arbeida for å styrka bygdene sine kvalitetar og støtta opp om bygdeutviklingsprosjekt / stadsutviklingsprosjekt<br>25. Ølen og Ølensvåg skal utviklast i retning mot kvarandre<br>26. Aktiv bruk av grendeutvala i saker som har allmenn interesse for bygda og saker som vedkjem utvikling av kommunesenteret og sentrumsfunksjonar<br><br>27. Legga til rette for at arbeidspendlarar og utanlandske innvandrarar buset seg i kommunen<br>28. Støtta opp om eit godt kultur- og aktivitetstilbod i samarbeid med andre<br>29. Bidra til gode sosiale møteplassar og stimulera til nettverk for aktivitet<br>30. Styrka og synleggjera kommunen sin identitet, særpreg og attraksjonsverdi<br>31. Definera kommunen som reiselivsdestinasjon og legga til rette for eit berekraftig reiseliv basert på opplevelse av natur og kultur<br>32. Formidla kunnskapen om kulturminne og kulturmiljø og bidra aktiv til bruk og vern<br><br>33. Vera pådrivar for offentleg vegutbygging; E134, Fv 46 og andre fylkesvegar, og pådrivar for bygging av høgfartstog mellom Vestlandet og Austlandet over Haukeli<br>34. Barnehage- og skulestruktur som sikrar kvalitet i opplæringa og bygger opp om attraktive lokalsamfunn | 16. Fortetta og ha effektiv arealutnytting i og nær tettstadane/i bygdesentra, og her skal utbygging i hovudsak skje gjennom reguleringsplan. Bygga innanfrå og ut<br>17. Ha eit tilbod om spreidd busetnad der det er naudsynt ut frå busettingsomsyn og som alternativ til bustadfelt for å vera buattraktive<br>18. Lokalisera bustadområde slik at dei opplevast buattraktive t.d. nær fjorden/med utsikt til fjorden, men sikra at allmenta får tilgang til strandsona<br><br>19. Regiondelsenteret/kommunesenteret Ølen skal planleggast med sterke sentrumskvalitetar<br>20. Setta av areal til sentrumsformål eller kombinerte formål i alle bygder for å styrka bygdesentra<br><br>21. Sikra viktige og utvalde kulturminne gjennom arealforvaltning og samarbeid med private grunneigarar og kulturmyndigheit<br>22. Ta vare på kulturminne og kulturmiljø for å bevara vår eigenart, og som ein ressurs for reiseliv og næringsutvikling |

| Satsingsområde | MÅL | STRATEGIAR |
|---|---|---|
| **Framtidsretta tenester**<br><br>**Berekraftsmål:** | **21.Trygge, inkluderande og lærande oppvekstmiljø** | 34. Barnehage- og skulestruktur som sikrar kvalitet i opplæringa og bygger opp om attraktive lokalsamfunn<br>35. Gi tilpassa opplæring<br>36. Arbeida for at flest mogleg skal ha eit godt grunnlag for å gjennomføre vidaregåande skule<br>37. Ta barn og unge med på råd |
| | **22.Tenestetilbod som er tilpassa behovet og alderssamansetninga** | 38. Bruka nærmiljø og lokalsamfunn (naturen, frivillige og næringsliv) i tenestetilbodet<br>39. Styrka samarbeidet mellom helse og omsorg, kultur, private og frivillig sektor<br>40. Fokus på barn og unge som lever under vanskelege forhold både sosialt og økonomisk<br>41. Styrka kvardagsrehabilitering, og bruk av velferdsteknologi<br>42. Sikra og utvikla god økonomisk styring som grunnlag for gode tenester og føreseielege tilbod<br>43. Oppretthalda den økonomiske handleevna over tid gjennom nødvendig omstrukturering av tenestene i tråd med framtidige behov |
| | **23.Omstillingsdyktig og serviceinnstilt kommuneorganisasjon** | 44. Utvikla ein fagleg sterk organisasjon med fokus på trivsel, innbyggarinvolvering og brukarmedverknad<br>45. Utvikla ein organisasjonsstruktur som legg til rette for den gode tenesteytinga<br>46. Søka interkommunalt samarbeid der det gir betre eller billigare løysingar<br>47. Rekruttera og behalda leiarar og medarbeidarar med evne og vilje til stadig forbetring<br>48. Tilby heile stillingar og konkurransedyktig løn<br>49. Satsa på fag- og leiarutvikling på alle nivå<br>50. Sikre god sambruk av og i tenester ved framtidige kommunale utbyggingar |